

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Fonna HF

DATO: 16.09.16
SAKSHANDSAMAR: Haldis Ø. Lier
SAKA GJELD: **Norsk pasientskadeerstatning 2015**

STYRESAK: **065/16**

STYREMØTE: **27.10.16**

FORSLAG TIL VEDTAK

Styret i Helse Fonna HF tar saka til orientering

Bakgrunn for saka

NPE handsamar erstatningskrav frå pasientar som meiner dei er blitt påført skade i helsetenesta.

Vilkår for å ha rett til erstatning er:

- helsehjelpa er årsak til skaden
- skaden må som hovudregel skuldast svikt ved helsehjelpa. Det vil sei at helsehjelpa ikkje har vore i tråd med gjeldande medisinske retningslinjer og prinsipp på behandlingstidspunktet. Unntaksvis vert det gitt erstatning sjølv om det ikkje føreligg behandlingssvikt. Dette gjeld særleg dersom skaden er spesielt stor eller uventa og ikkje er eit utslag av risiko som pasienten må akseptere.
- skaden må som hovudregel ha ført til økonomisk tap
- skaden må ikkje vera for gammal.

Erstatningssummen vert fastsett etter allmenne erstatningsrettslege reglar.

Erstatningsutmålinga er individuell, og skal først og fremst dekke direkte tap eller utgifter ein har fått som følgje av skaden. Dersom skaden er varig og omfattande, kan ein i tillegg ha rett til meinerstatning.


Føretaka har plikt til å informere pasientar og pårørande om høvet til å søkje erstatning i NPE.

NPE ynskjer å vera ein aktiv bidragsytar til helsesektoren sitt kvalitetsforbetringsarbeid, gjennom blant anna formidling av kunnskap om pasientskader. NPE har utvikla ein nettbasert statistikkportal til bruk for helseføretaka. Her kan ein hente oppdaterte tal for sitt sjukehus, helseføretak og regionalt føretak. NPE-sakene er vidare utgangspunkt for læring og kvalitetsforbetring internt i einingar og føretak og mellom føretak.

Mottatte saker

NPE tok imot 3677 saker i 2015. Det var ein auke på 12 prosent frå 2014. Helse Vest og Helse Fonna hadde òg ein auke i saker frå 2014 til 2015. Kor mange pasientar som søker erstatning, vil vera avhengig av kor godt tenesta er kjend, kor stor grad tilsette i helsetenesta informerer aktuelle pasientar om at dei kan søkje erstatning ved skade, og direkte og indirekte informasjon gjennom media. Det er grunn til å tru at personale, pasientar og pårørande i aukande grad kjenner til ordninga.


I tabellen under ser ein utvikling i tal på saker dei siste fem åra i Helse Vest og i Helse Fonna.




Utbetaling av erstatning

Det blei utbetalt 3,4 milliardar kroner i pasienterstatning i åra 2011-2015. Årstala frå NPE for 2015 viser ein liten nedgang i erstatningsutbetalingane frå 2014. Når det gjeld utbetalingar av erstatningsbeløp, er det viktig å vere klar over at utbetalingane er korrelert til og rekna ut frå tapt arbeidsforteneste. Har skaden medført arbeidsuførhet, skal erstatninga dekke inntektstap. Naudsynte og rimelege utgifter som følgjer av skaden skal også dekkast av erstatninga. I tillegg har pasienten rett til meinerstatning dersom skaden har ført til varig mein på minst 15 % medisinsk invaliditet. Det kan gå fleire år mellom innmeldt sak og erstatningsutbetaling – særleg i tilfelle der det er naudsynt å følgje pasienten over tid for å kunne bedømme kor stor skaden er og kva følgjer den får. Vi ser særleg eksempel på dette innan fødselshjelp med skade på barnet. Forseinking i erstatningsutmåling og tilfeldige opphopingar av saker som medfører store utbetalingar fører til store variasjonar frå år til år.

Tabellen syner samla erstatningsutbetaling dei siste fem åra:



Erstatningsutbetaling i Helse Vest og Helse Fonna frå 2011-2015




Helse Fonna – erstatningsutbetalinger 2011 –2015 fordelt på fagområde:

Fagområde	2011	2012	2013	2014	2015
Anestesiologi	633 800	82 000	0	0	446 551
Anna	0	0	145 000	0	0
Blodsjukdommar	5000	0	0	0	0
Endokrinologi og metabolske sjukdommar	0	10 000	151 000	0	500 000
Fordøyelses sjukdommar	335 000	130 000	72 500	0	306 763
Føde	6 131 000	0	10 309 486	12 399 800	8661 500
Fødsel- og kvinnesjukdommar	1 510 000	130 000	626 000	1 059 000	86 250
Gastroent. kirurgi (Mage-tarm-kirurgi)	4 700 000	2 693 050	1 188 169	2 820 000	921 660
Hjartesjukdom	0	0	0	0	200 000
Hudsjukdom	0	0	0	0	0
Infeksjonssjukdom og venerologi	0	25 000	8 484 220	0	935 000
Karsjukdom	82 000	0	1 234 000	365 000	815 000
Lungesjukdom	0	0	0	0	0
Nevrokirurgi	0	0	0	0	10 000
Nevrologi	775 000	875 000	163 000	976 000	5 157 448
Nyfødtmedisin	5 070 000	0	0	2 795 250	7 505 800
Ortopedi	970 000	1 319 612	1 494 964	4 918 231	2 655 628
Ortopedisk kirurgi	5 191 234	3 184 000	5 294 000	3 065 548	0
Plastikkirurgi	0	0	150 000	0	0
Psykatri/psykologi	230 000	30 000	0	140 506	0
Revmatologi	0	0	0	0	0
Svulstar og kreftsjukdommar	3 013 000	4 477 452	2 549 602	355 000	5 658 989
Urologi	190 000	167 000	0	85 000	0
ØNH	0	0	0	0	0
Øye	60 000	0	0	0	0
Totalt	28.896 054	13 123 114	31 861 941	28 979 335	33 860 589


Medhald og avslag

NPE fatta vedtak om medhald eller avslag i 15 442 saker frå 2011 til 2015. 5308 fekk medhald (34 prosent). I Helse Vest fekk 35% av sakene medhald og i Helse Fonna 43%. Tabellane under syner fordeling mellom ulike vedtak (medhald, avslag, avvist) i Helse Vest og Helse Fonna frå 2011-2015:

Helse Vest:



Helse Fonna:



Medisinsk område

Over 70% av vedtaka fordeler seg på fem medisinske område. Ortopedi, svulstar og kreftsjukdomar står for halvparten av alle medhald/avslag. Høgast andel medhald er innan gastroenterologisk kirurgi (42%), ortopedi (40%) og svulstar og kreftsjukdom (38%). Lavast medhaldsandel har anesthesiologi og psykisk helsevern (20% og 21%).

I Helse Fonna var 40 av 90 saker med vedtak innan ortopedi i 2015. Til samanlikning var 44 av 98 saker med vedtak innan ortopedi i 2014.

I Helse Fonna fekk tre av fem saker innan gastroenterologisk kirurgi medhald i 2015, 25 av 40 saker innan ortopedi, tre av fire saker innan psykisk helsevern og fire av ni innan svulstar og kreftsjukdom.

Oppsummering

Talet på nye saker frå Helse Fonna har vore nokså stabilt dei fem siste åra. Helse Fonna skil seg ikkje ut med omsyn til kva pasientgrupper/fagområde som hyppigast får medhald (ortopedi, svulstar og kreftsjukdommar, fødselshjelp og kvinnesjukdommar, mage/tarmkirurgi).

Det er viktig å lære av NPE-sakene. Sakene vert utgreia og handsama internt i linja og blir drøfta i kvalitetsutvalet. Klinikane brukar NPE-sakene aktivt i sitt kvalitetsforbetringsarbeid. Materiale frå NPE vert også nytta i det regionale Pasientsikkerheitsprogrammet.

(Data er henta ut frå NPE-databasen i juli 2016 Statistikk for regionale foretak for 2015).